

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 01.12.2022

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, økonomidirektør Ola Rye,
HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Årleg melding 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 36/22

STYREMØTE: 08.12.2022

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek Årleg melding 2022 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2022.

Innleiing

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. I Styringsdokumentet 2022 for SAV, skal føretaket sende tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2023. Denne meldinga er såleis eit grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Oppsummering

Årleg melding 2022 er Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2022». Oppsummert er biletet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2022. *Sjå vedlagte rapport utarbeidd etter mal frå Helse Vest.*

Kommentarar

Årleg melding 2022 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Resultatprognose

- Totalt for SAV for 2022 viser prognosen eit økonomisk resultat tilsvarande resultatkrav frå eigar
- Investeringsnivå noko under budsjett
- Aukande aktivitet i publikumsutsala
- Stor prosjektaktivitet

SAV arbeidar med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

SAV er opptekne av å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følge opp sentrale krav, men og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene og pasient- og brukartryggleik. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV. Måla og tiltaka til SAV er av langsiktig karakter, men innhaldet femner om å skape trygge og gode tenester i tett dialog med sjukehusføretaka. Det at vi no reviderer strategien er også eit uttrykk for at klare endringar i rammevilkår må fangast raskt opp for å skape dynamisk styring og planlegging.

Konklusjon

Adm. direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2022» slik den ligg føre som SAV sin rapport til eigar.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2022 Sjukehusapoteka Vest HF